

Lenkt etter solskin.

Å, om me atter fekk soli å sjå
vår heimbygd å gylla.
Og ikkje berre dei stormskyer grå
sjå elvane fylla.

Tenk, om me Himmelen snart fekk å sjå
å over oss blåna.
No hev han vore so einlita grå
i over ein månad.

Bonden sin otte for avling og haust
no aukar, diverre.
Tykkjer nok at han med regnet er raust
på handi, Vårherre.

Ser han då ikkje kva jordbruket treng
og kva som gjer skade ?
No hev han freista bå' husbond og dreng
til Jeremiade.

Herre, me lengtar di sol å få sjå
vår heimbygd å gylla.
Trøytt me er av dei stormskyer grå
som elvane fylla.

Johs.M.L.Rydland.